

## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Fylkesutvalet
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte
<b>Dato:</b>	11.05.2021
<b>Tid:</b>	09:45-13:00

### Følgjande faste medlemer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Leiar	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Emil Lennart Pålakkoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Marthe Hammer	Medlem	SV
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Noralf Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsen	Medlem	UA
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Gunhild Alis Berge Stang	Medlem	V

### Følgjande varamedlemer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Alfred Jens Bjørlo	Gunhild Alis Berge Stang	V

### Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Bård Sandal	Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar politisk sekretariat
Silje Lyngstad	Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær

**Saksliste**

Utvals-saksnr	Innhold	Arkiv-saksnr	U.Off
<b>Godkjenningssaker</b>			
GK 17/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 18/21	Godkjenning av protokoll fra møte 20.04.2021	2021/646	
<b>Referatsaker</b>			
RS 41/21	Krafttak for psykisk helse, notat 2	2021/5992	
RS 42/21	Business Norway må leggast til Bergen	2021/6002	
RS 43/21	Referat fra Regjeringa sin kontaktkonferanse med fylkeskommunane (RKK) 14. april 2021	2021/6002	
<b>Skriftlige spørsmål</b>			
SI 10/21	Spørsmål fra Andersen (FNB ) - Manglende oppslutnad rundt Vestland	2020/36319	
SI 11/21	Spørsmål fra Bjørlo (V) - om framdrift for Atløysambandet	2020/36319	
SI 12/21	Spørsmål fra Bjørkly (H) - om opplæringstilbod idrett	2020/36319	
<b>Politiske saker</b>			
PS 84/21	Utkast til Kommuneplanen sin samfunnsdel - 2021 2030 Sogndal kommune	2020/59175	
PS 85/21	Omklassifisering- Nedlegging av delar av fylkesveg 4992 - Bømlo kommune	2021/2633	
PS 86/21	Omklassifisering av fylkesveg 5454 rundt gamle Knarvik Skysstasjon	2021/2828	
PS 87/21	Verdsarvsenter i Vestland fylke	2021/15531	
PS 88/21	Havbyen Bergen	2021/16614	
PS 89/21	Tannbehandling for prioriterte grupper med lang reiseavstand til nærmeste offentlege tannklinikkk	2021/16417	
PS 90/21	Prognoseinntaket - konsekvensar for nærskuleområdet Stor-Bergen	2020/70893	
PS 91/21	Uttale om søknad om landslinetilbod	2021/5823	
PS 92/21	Eigarstrategi for TH Eigedom IKS (Trivselshagen IKS)	2020/54615	
PS 93/21	Styregodtgjersle for Teater Vestland AS	2020/51645	
PS 94/21	Utpeiking av kandidatar til styreverv i Norsk Fjordhestsenter AS	2019/11	
PS 95/21	Søknad om midlertidig fritak frå verv - Inge Fiskvik	2019/11	
PS 96/21	Søknad om varig fritak frå verv som vararepresentant i fylkestinget - Bente Øien Hauge (R)	2019/11	
PS 97/21	Søknad om midlertidig fritak frå verv - Morten Askvik (Sp)	2019/11	
PS 98/21	Søknad om midlertidig fritak frå verv - Karianne Torvanger (A)	2019/11	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 17/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag til ny sak på sakskartet til fylkesutvalet sitt møte 01. juni:

«Innsendt spørsmål om tiltak for å auke oppslutnad om Vestland fylke vert sett opp som PS- sak til neste møte i fylkesutvalet 1.juni 2021.»

#### **Avrøysting**

Andersen sitt forslag fekk 3 røyster (FNB, FRP) og fall.

Saka vert ikkje satt på sakskartet til neste møte i fylkesutvalet.

Innkalling og sakliste vart godkjent med merknaden over.

### **GK 18/21 Godkjenning av protokoll frå møte 20.04.2021**

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

Møteprotokoll frå møte 20.04.2021 vart godkjent utan merknader.

## **Referatsaker**

### **RS 41/21 Krafttak for psykisk helse, notat 2**

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

Vart referert.

### **RS 42/21 Business Norway må leggast til Bergen**

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

Vart referert.

### **RS 43/21 Referat frå Regjeringa sin kontaktkonferanse med fylkeskommunane (RKK) 14. april 2021**

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

Vart referert.

## **Skriftlige spørsmål**

### **SI 10/21 Spørsmål frå Andersen (FNB ) - Manglande oppslutnad rundt Vestland**

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

#### **Spørsmål:**

#### **Manglande oppslutnad rundt Vestland**

NRK hadde nyleg ei sak der ei fersk meiningsmåling syner at 63,5 prosent av dei spurde i tidlegare Sogn og Fjordane vil løyse opp det nye storfylket. Berre 22,5 prosent vil halde på Vestland dersom det blir ei folkeavrøysting. Blant hordalendingane er stemninga delt på midten (38,9 mot 37,4 prosent). Når dei to valdistrikta vert handsame som eitt fylke, er det samla sett fleirtal for å dele det nye fylket (43,1 mot 34,9 prosent). Det er kjent at Senterpartiet går til val på oppløysing av Vestland. Det same gjer SV og Raudt. MDG på si side skriv i eit lesarinnlegg i BT

den 1.mai (toppkandidatane Hermstad og Dalin): 'Vi i MDG føler ikkje noko kjærleik til det nye storfylket'.

Bompengepartiet FNB har faktisk freista å fremje saker som kan vere med å byggje ein ny Vestland-identitet. Det kan godt handle om symbol. Vi foreslo i Kulturutvalet sist veke at ein ny fylkesstein kunne vere ein ide. Men det vart nedstemt 15 mot 2 røyster.

**Spørsmål til fylkesordføraren:**

Vestland slit med dårleg oppslutnad og entusiasme. Det er ganske urovekkjande og det ville i ei bedrift ha generert snarlege tiltak for å arbeide med omdømmebygging/PR.

Vil fylkesordføraren ta initiativ til eit PR-program som kan byggje ny entusiasme rundt Vestland?

**Fylkesordføraren gir følgjande svar:**

Det er mange syn på fylkeskommunen og regionreforma. Fylkesordføraren kjenner sjølvsagt til at somme vil opplysa Vestland, medan andre ynskjer å vidareutvikle landets viktigaste fylke. Oppgåva vår er å kvar dag gjere vårt beste, både som folkevalde og tilsette, i å levere tenester og å utvikla fylket. Fylkesordførar vil mellom anna visa til at på den positive sida, er det nok å visa til årsmeldinga for 2020, som dokumenterer på framifrå vis ein offensiv fylkeskommune.

Fylkesordførar meiner også å registrera relativt få kritiske røyster på jobben som Vestland fylke gjør, ut frå det ein kan forventa som alltid vert debattert kring ein slik organisasjon. Koronaen har ført oss saman med kommunar, arbeidsliv, kultur, idrett og frivillig sektor med ein styrke og eit tempo som me ikkje kunne ha sett føre oss då me starta det nye fylket. Det er faste ordførarmøte mellom fylkesordførar og dei 43 ordførarane, der fokuset er på å utvikla fylket, ta opp relevante utfordringar, sikre sysselsetjinga under pandemien, og å drøfte spørsmål knytt til kultur, idrett og frivilligkeit under pandemien. I tillegg inviterer fylkesordførar og fylkesrådmann kommunane til separate kommunemøte, anten på initiativ frå fylket eller kommunen. Her drøftast relevante problemstillingar kommunen tek opp, eller korleis me generelt kan spela kvarandre gode. Tilbakemeldingane eg får frå ordførarane er at Vestland fylkeskommune er tett på, og ein særsviktig samarbeidspartner for dei. Eg nemner då spesielt dei gode tilbakemeldingane me fekk etter batterifabrikk-arbeidet. Regionalavdelinga og kultur, idrett og inkluderingsavdelinga får også gode skussmål, for å vera særst tett på både kommunar og samarbeidsaktørane. Andre fylkeskommunar ser til oss i dette samspelet. Eg vil også visa til trepartssamarbeidet me har med NAV, LO og NHO under pandemien, her også spelar me kvarandre gode.

Til slutt viser eg til møte med stortingsbenkane, som i teams-forma har vore hyppigare og tettare enn dei var før. Me har gitt viktige innspel, som stortingspolitikarane har hatt bruk for i sine disponeringar under pandemien. Me opplever også god deltaking og entusiasme for høyingsmøte som fylkeskommunen inviterer til.

Kva meinung ein har om Vestland lyt helst vera opp til kvar einskild innbyggjar, og det kan stillast prinsipielle spørsmål med om det er rett at fylkeskommunale ressursar brukast til å påverke innbyggjarane sitt syn på fylket gjennom målretta PR-arbeid. Årsakene til at innbyggjarar let vel om dei kommunane og fylka som dei høyrer til, heng nok i stor grad saman med i kva grad dei meiner at politikarar og administrasjonane klarar å levere tenester av verdi kvardagen. Om me skal bruka kreftene våre på noko, er det fylkesordføraren sitt syn at dei bør brukast til å levere nettopp slike gode tenester, planar, og gjere jobben som utviklingsaktør. Dette er ei klar utfordring til oss folkevalde og til administrasjonen, og eg meiner at vi allereie ser teikn til at vi lukkast. Fylkes- og kommunestrukturane vert fastsette av Stortinget. Oppgåva vår er å gjere vårt beste kvar bidige dag. Og fortset vi med det, så er det den beste PR-strategien, om ein vil kalla det så, som vi kan få.

**SI 11/21 Spørsmål frå Bjørlo (V) - om framdrift for Atløysambandet**

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

**Spørsmål:**

«Om framdrift for Atløysambandet

*Atløysambandet er eit ferjeavløysingsprosjekt på fylkesvegnettet i Askvoll kommune, som ligg inne i økonomiplanen til Vestland med føresett oppstart i 2024. Det er avsett planleggingsmidlar til*

*prosjektet i 2021, for å kome raskt i gang med naudsynte avklaringar (KS2, avklaring av årlege statlege bidrag gjennom den nye og reviderte ferjeavløysingsordninga, etc). Eit viktig poeng knytt til Atløysambandet er vidare at dagens ferjesamband etter planen skal ut på nytt anbod i 2024. Det vil ved eit nytt anbod vere krav om el-ferje, med dei ekstra investeringane det fører med seg både på ferjemateriell og kaier. Det er difor viktig raskt å få ei heilskapleg sak som gjer greie for dei økonomiske rammevilkåra knytt til gjennomføring av Atløysambandet - både med statlege finansieringsbidrag og «alternativkostnader» for fylket dersom ein må til med nytt ferjeanbod frå 2024.*

*Kan fylkesordføraren gjere greie for status når det gjeld arbeid i Vestland fylkeskommune med Atløysambandet, for raskast råd å få på plass nødvendige avklaringar om gjennomføring av prosjektet som føresett i vedteken økonomiplan?»*

#### **Svar frå fylkesordføraren:**

I Retningsliner for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer er det krav om at det skal gjennomførast ei ekstern kvalitetssikring av større prosjekt før ein søknad om ferjeavløysingsmidlar kan behandlast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Vestland fylkeskommune har vore i kontakt med KMD for å avklare kva krav som vert stilt til ei ekstern kvalitetssikring i denne samanhengen. KMD har opplyst at kravet om ekstern kvalitetssikring inneber ein gjennomgang av styringsunderlag og kostnadsoverslag for prosjektet.

Vi er no i gang med utarbeiding av naudsynt underlag og dokumentasjon. Når dette er klart vil prosessen med ekstern kvalitetssikring bli starta opp.

Når resultatet av den eksterne kvalitetssikringa er klar vil det bli lagt fram sak til fylkestinget om søknad om ferjeavløysingsmidlar. Truleg vil heile 2021 gå med til arbeidet med ekstern kvalitetssikring, slik at ei sak om ferjeavløysing først vil vere aktuell i 2022.

Det er sett av 1 mill. kr i investeringsbudsjettet i 2021 til prosjektet. Denne løyvinga vil bli nytta til ekstern kvalitetssikring. I økonomiplanen er prosjektet ført opp med ei løyving til oppstart på 10,3 mill. kr i 2024.

Konklusjonen er at vi avhengig av å få gjennomført den eksterne kvalitetssikringa før vi kan gå vidare med prosjektet. Dette arbeidet er som nemnt i gang.

#### **SI 12/21 Spørsmål frå Bjørkly (H) - opplæringstilbod idrett**

##### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

#### **Spørsmål:**

1. «Kan fylkesordførar gjere greie for kvifor posisjonen valde å gå imot innstillinga om å opprette 2 klassar idrett?
2. Vil fylkesordførar ta initiativ til å sjå på saka på nytt i ljós av dei sterke reaksjonane vedtaket har ført til?»

#### **Svar frå fylkesordføraren**

##### **Spørsmål 1:**

Fylkesordføraren viser til møtet i OPPKO, der drøftingane gjekk på å anten opprette to klassar idrett, eller tre studiespesialiserande og ein klasse idrett. Begge alternativa har konsekvensar, slik det er for alle skular. Grunngjevinga for å sikra Sogndal VGS tre parallellar på VG1 SS, er knytt til kva vifte skulen vil kunna tilby av programfag framover. Sogndal VGS har ei brei vifte programfag, og bør ha det vidare.

##### **Spørsmål 2:**

Her viser fylkesordføraren til at samarbeidspartia i går sendte melding om at dei ber OPPKO ta saka opp på ny, og der det går fram at samarbeidspartia vil oppretta to klassar idrettsfag og samstundes ber om at skulane i indre Sogn går saman om å sikra ei best mogleg studietilbod framover.

## Politiske saker

### PS 84/21 Utkast til Kommuneplanen sin samfunnsdel - 2021 2030 Sogndal kommune

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner at samfunnsdelen for Sogndal set retning på det vidare planarbeidet i kommunen, og at måla i planen svarar godt til det skildra utfordringsbiletet. Koplinga mot vidare arbeid i sektorane og med handlingsdel/økonomiplan bør verte meir tydeleg for å sikre oppfølging av planen.
2. Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for planframlegget. Utviklingsplan for Vestland bør også leggjast til grunn for det vidare planarbeidet slik at kommunen og fylkeskommunen dreg i same retning for å oppnå berekraftsmåla.
3. Vestland fylkeskommune vil gi ros til kommunen for å ha gjennomført ein brei og kreativ medverknadsprosess som ligg til grunn for planutkastet. Det vil styrke planen å omtale dette meir.
4. Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at det er utarbeidd overordna arealstrategi og prinsipp for økonomiplanen i planutkastet. Dette er viktig for å setje ei overordna retning på arealforvaltninga og å binde saman samfunnsdelen med arealdelen.
5. Under samfunnsmålet miljømedvit er klima og miljø vist som premiss for alt kommunen gjer. Vi saknar kulturarvperspektivet under dette samfunnsmålet. Kulturarv tek opp i seg mykje av FN sin berekraftstenking og skapar ein identitet for lokalsamfunna.

#### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021

#### Avrøyting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner at samfunnsdelen for Sogndal set retning på det vidare planarbeidet i kommunen, og at måla i planen svarar godt til det skildra utfordringsbiletet. Koplinga mot vidare arbeid i sektorane og med handlingsdel/økonomiplan bør verte meir tydeleg for å sikre oppfølging av planen.
2. Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for planframlegget. Utviklingsplan for Vestland bør også leggjast til grunn for det vidare planarbeidet slik at kommunen og fylkeskommunen dreg i same retning for å oppnå berekraftsmåla.
3. Vestland fylkeskommune vil gi ros til kommunen for å ha gjennomført ein brei og kreativ medverknadsprosess som ligg til grunn for planutkastet. Det vil styrke planen å omtale dette meir.
4. Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at det er utarbeidd overordna arealstrategi og prinsipp for økonomiplanen i planutkastet. Dette er viktig for å setje ei overordna retning på arealforvaltninga og å binde saman samfunnsdelen med arealdelen.
5. Under samfunnsmålet miljømedvit er klima og miljø vist som premiss for alt kommunen gjer. Vi saknar kulturarvperspektivet under dette samfunnsmålet. Kulturarv tek opp i seg mykje av FN sin berekraftstenking og skapar ein identitet for lokalsamfunna.

### PS 85/21 Omklassifisering- Nedlegging av delar av fylkesveg 4992 - Bømlo kommune

Forslag til vedtak

1. Fv. 4992 Vestvikvegen, på strekninga S1D1 m2509-2484 vert lagt ned som offentleg veg.

## **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 27.04.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samråystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fv. 4992 Vestvikvegen, på strekninga S1D1 m2509-2484 vert lagt ned som offentleg veg.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samråystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fv. 4992 Vestvikvegen, på strekninga S1D1 m2509-2484 vert lagt ned som offentleg veg.

## **PS 86/21 Omklassifisering av fylkesveg 5454 rundt gamle Knarvik Skysstasjon**

Forslag til vedtak:

1. Vegen rundt gamle Knarvik skysstasjon, (fv.5454 S1D1 m392 SD1 m0-192) vert omklassifisert til kommunal veg.

## **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 27.04.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samråystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vegen rundt gamle Knarvik skysstasjon, (fv.5454 S1D1 m392 SD1 m0-192) vert omklassifisert til kommunal veg.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samråystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vegen rundt gamle Knarvik skysstasjon, (fv.5454 S1D1 m392 SD1 m0-192) vert omklassifisert til kommunal veg.

## **PS 87/21 Verdsarvsenter i Vestland fylke**

Forslag til vedtak:

1. Fylkesutvalet tek orienteringa om autoriserte verdsarvsenter i Vestland fylke til vitande.
2. Fylkesutvalet er positiv til etablering av autoriserte verdsarvsenter ved dei tre verdsarvstadane, då dette bidreg til å nå måla i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*, i *Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* og i *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om den vidare utviklinga av arbeidet med verdsarvsentre ved Urnes stavkyrkje, Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, og Bryggen i Bergen.

## **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

**Kjell Håland (A) og June Indrevik (H)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi Håland er nestleiar i Verdsarvrådet for Bryggen og Indrevik er medlem av Verdsarvrådet for Bryggen. Håland og Indrevik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Håland og Indrevik ikkje var inhabil.  
Håland og Indrevik tiltredde saksbehandlinga.

**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)** sette på vegner av Sp, A, MDG, SV og V fram slikt forslag:

«Tillegg - nytt punkt 4

Fylkesutvalet viser til Stortingsmelding nr 35 og den nasjonale ambisjonen om å etablere verdsarvsenter ved alle dei norske verdsarvområda. Det bør ut frå dette vere rimeleg at staten også bidreg med delfinansiering av investeringskostnader for å få realisert sentra.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Mongstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet tek orienteringa om autoriserte verdsarvsenter i Vestland fylke til vitande.
2. Fylkesutvalet er positiv til etablering av autoriserte verdsarvsenter ved dei tre verdsarvstadane, då dette bidreg til å nå måla i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*, i *Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* og i *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om den vidare utviklinga av arbeidet med verdsarvsentre ved Urnes stavkyrkje, Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, og Bryggen i Bergen.
4. Fylkesutvalet viser til Stortingsmelding nr 35 og den nasjonale ambisjonen om å etablere verdsarvsenter ved alle dei norske verdsarvområda. Det bør ut frå dette vere rimeleg at staten også bidreg med delfinansiering av investeringskostnader for å få realisert sentra

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

**Norlval Distad (H)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han sitt som styremedlem i stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark.  
**Natalia Golis (MDG)** og **Knut Inge Andersen (FNB)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi dei sitt som medlem og varamedlem i verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap.

Distad, Golis og Andersen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil.  
Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Distad var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Fylkesutvalet vedtok så samrøystes at Golis og Andersen ikkje var inhabil.

Distad gjekk frå under behandlinga av saka medan Golis og Andersen tiltrådte.

Det var 16 representantar til stades.

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet tek orienteringa om autoriserte verdsarvsenter i Vestland fylke til vitande.
2. Fylkesutvalet er positiv til etablering av autoriserte verdsarvsenter ved dei tre verdsarvstadane, då dette bidreg til å nå måla i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*, i *Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* og i *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.

3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om den vidare utviklinga av arbeidet med verdsarvsentre ved Urnes stavkyrkje, Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, og Bryggen i Bergen.

4. Fylkesutvalet viser til Stortingsmelding nr 35 og den nasjonale ambisjonen om å etablere verdsarvsenter ved alle dei norske verdsarvområda. Det bør ut frå dette vere rimeleg at staten også bidreg med delfinansiering av investeringeskostnader for å få realisert sentra

## **PS 88/21 Havbyen Bergen**

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek rapporten «Havbyen Bergen - sluttrapport fra arbeidsgruppa» til orientering
2. Fylkestinget støtter at Vestland fylkeskommune, saman med Bergen kommune, tek initiativ til at det blir etablert eit prosjekt som får ansvar for å utvikle «Havbyen Bergen». For 2021 vert det sett av 350.000 kr. Finansiering vert sett i samanheng med sak om overskotsdisponering, rekneskap 2020.
3. Fylkestinget ber adminstrasjonen komme tilbake til fylkestinget 19. oktober med ei sak som konkretiserer samarbeidet med Bergen kommune og prosjektet Havbyen Bergen, samt vidare finansiering frå 2022.

### **Saksprotokoll i hovudutval for næring - 28.04.2021**

**Marie Hauge (MDG)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, da hennar direktør sit i referansegruppa til Havbyen Bergen. Hovudutval for næring vedtok samråystes at ho var habil til å delta i sakshandsaminga.

**Tom Hiis Bergh (V)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, da han begynner i ny jobb i juni i næringsseksjonen i Bergen kommune. Hovudutval for næring vedtok samråystes at ho var habil til å delta i sakshandsaminga.

#### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet vart samråystes vedteke.

#### **Innstilling**

1. Fylkestinget tek rapporten «Havbyen Bergen - sluttrapport fra arbeidsgruppa» til orientering
2. Fylkestinget støtter at Vestland fylkeskommune, saman med Bergen kommune, tek initiativ til at det blir etablert eit prosjekt som får ansvar for å utvikle «Havbyen Bergen». For 2021 vert det sett av 350.000 kr. Finansiering vert sett i samanheng med sak om overskotsdisponering, rekneskap 2020.
3. Fylkestinget ber adminstrasjonen komme tilbake til fylkestinget 19. oktober med ei sak som konkretiserer samarbeidet med Bergen kommune og prosjektet Havbyen Bergen, samt vidare finansiering frå 2022.

### **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

#### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

#### **Innstilling**

1. Fylkestinget tek rapporten «Havbyen Bergen - sluttrapport fra arbeidsgruppa» til orientering
2. Fylkestinget støtter at Vestland fylkeskommune, saman med Bergen kommune, tek initiativ til at det blir etablert eit prosjekt som får ansvar for å utvikle «Havbyen Bergen». For 2021 vert det sett av 350.000 kr. Finansiering vert sett i samanheng med sak om overskotsdisponering, rekneskap 2020.
3. Fylkestinget ber adminstrasjonen komme tilbake til fylkestinget 19. oktober med ei sak som konkretiserer samarbeidet med Bergen kommune og prosjektet Havbyen Bergen, samt vidare finansiering frå 2022.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

Fylkesordførar la innstillinga frå hovudutval for næring til grunn for saksbehandlinga.

**Trude Brosvik (KRF)** sette på vegner av KRF, A, MDG, SP, SV, V fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 3

Saka skal også omhandle korleis denne satsinga skal styrke og auke samhandlinga i heile regionen.»

### **Avrøyting**

Innstillinga vart samråystes vedteke.  
Brosvik sitt forslag vart samråystes vedteke.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget tek rapporten «Havbyen Bergen - sluttrapport fra arbeidsgruppa» til orientering
2. Fylkestinget støtter at Vestland fylkeskommune, saman med Bergen kommune, tek initiativ til at det blir etablert eit prosjekt som får ansvar for å utvikle «Havbyen Bergen». For 2021 vert det sett av 350.000 kr. Finansiering vert sett i samanheng med sak om overskotsdisponering, rekneskap 2020.
3. Fylkestinget ber administrasjonen komme tilbake til fylkestinget 19. oktober med ei sak som konkretiserer samarbeidet med Bergen kommune og prosjektet Havbyen Bergen, samt vidare finansiering frå 2022. Saka skal også omhandle korleis denne satsinga skal styrke og auke samhandlinga i heile regionen.

## **PS 89/21 Tannbehandling for prioriterte grupper med lang reiseavstand til nærmaste offentlege tannklinikkk**

Innstilling til vedtak

- 1) Bortebuarelever og studentar med lite eller middels behandlingsbehov får tilbod om tannbehandling ved den tannklinikken som soknar til deira folkeregistrerte adresse. Innkallingsintervallet i pasientgruppa er i gjennomsnitt 18 månader.
- 2) Elevar og studentar med stort behandlingsbehov bør få tilbod om tannbehandling der dei går på skule etter individuelle avtalar. Dette gjeld ca. 10-15% av pasientgruppa.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

### **Avrøyting**

Innstillinga vart samråystes vedteke.

### **Innstilling til fylkestinget**

- 1) Bortebuarelever og studentar med lite eller middels behandlingsbehov får tilbod om tannbehandling ved den tannklinikken som soknar til deira folkeregistrerte adresse. Innkallingsintervallet i pasientgruppa er i gjennomsnitt 18 månader.
- 2) Elevar og studentar med stort behandlingsbehov bør få tilbod om tannbehandling der dei går på skule etter individuelle avtalar. Dette gjeld ca. 10-15% av pasientgruppa.

## PS 90/21 Prognoseinntaket - konsekvensar for nærskuleområdet Stor-Bergen

Forslag til innstilling

1. Hovedutval for opplæring og kompetanse løyver for 2021 kr. 4.095.000 til oppretting av inntil seks klassar vg1 bygg- og anleggsteknikk og vg1 teknologi og industrifag i Stor-Bergen. Det vert lagt til grunn at løyvinga vert dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett.
2. Løyvinga vil ha konsekvens for 2022 med kr. 4.905.000. Innrekning av dette vil bli handsama i budsjett 2022.

### Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 27.04.2021

**Jeanette Syversen, R**, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Punkt 3.

Utalet for opplæring og kompetanse vil skjerme opplæringssektoren for stadige kutt, og heller investere meir for å styrke dei desentraliserte nærskulene. Utalet innstiller administrasjonen om å gå i samarbeid med dei enkelte skulene, og på tvers av eigne sektorar, for å sikre seg store nok økonomiske rammer til at det ved neste utlysing av opplæringstilbodet, blir sett i gang tilbod der ein veit at næringslivet har behov for faglært arbeidskraft, til dømes Vg1 naturbruk ved Austrheim. Det må også takast omsyn til at skuler og elevar skal ha eit velfungerande kollektivsystem, og motverke negative konsekvensar slik ein ser ved Stad skule.»

**Rosalind Fosse, FrP**, sette på vegner av FrP, H og R fram slikt tilleggsforslag:

«Arna vgs

Det legges til rette for økning av 1 kl. Bygg og anleggsteknikk ved Arna vgs. av de ekstra klassene som skal tildeles.»

**Emil Gadolin, A**, sette på vegne av A, SP, KrF, SV og MDG fram slikt forslag:

«Erstatter fylkesrådmannen sin innstilling:

Innføringen av ny inntaksmodell med flere rettigheter til elevene har avdekket en systematisk underdekning av elevplasser i Stor-Bergen. Samtidig er det en økning i andelen som søker yrkesfag. Denne økningen er en ønsket utvikling som er positiv for både ungdommene og lærebredriftene, men som samtidig skaper press på skolestrukturen på kort sikt. Koronapandemien har rammet flere grupper i samfunnet, deriblant barn og unge. Derfor ser vi det som ekstra viktig å strekke seg langt i år for å komme ungdommene i møte.

Det er forståelse for at det er praktiske utfordringer med å øke kapasiteten i den aktuelle regionen på kort sikt, men utvalget vil i dette vedtaket sterkt signalisere at fylkeskommunen skal legge inn en ekstra innsats for å bøte på problematikken som er omtalt i saken. Utvalg for opplæring og kompetanse er tvilende til at de seks foreslåtte gruppene er tilstrekkelig til å unngå videresending av søker.

Utvalg for opplæring og kompetanse legger til grunn at man skal unngå systematisk videresending av søker ut av nærskuleområdet. Videre gir utvalget en fullmakt til fylkesrådmannen å opprette tilstrekkelig med grupper til å oppnå dette målet. Fylkesrådmannen skal legge arbeidslivets behov og tilgang til læreplasser til grunn for økningen av antall grupper, og utvalget ber om at økningen av antall grupper gjennomføres i dialog med yrkesopplæringsnemnda

Utvalg for opplæring og kompetanse ber fylkesutvalget arbeide videre med å sette inn tilstrekkelig ressurser utover rammen med mål om at de aktuelle ungdommene får tilbud om en skoleplass innenfor sitt nærskuleområde. Den totale salderinga må ses i sammenheng med PS 19/2021.»

## **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk inga røyster og fall.

Emil Gadolin sitt alternative forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Syversen sitt tilleggsforslag fekk 5 røyster ( R, H og FrP) og fall.

Fosse sitt tilleggsforslag fekk 7 røyster ( FrP, H, FNB, R og 1 A, Tanaia) og fall.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

Innføringen av ny inntaksmodell med flere rettigheter til elevene har avdekket en systematisk underdekning av elevplasser i Stor-Bergen. Samtidig er det en økning i andelen som søker yrkesfag. Denne økningen er en ønsket utvikling som er positiv for både ungdommene og lærebedriftene, men som samtidig skaper press på skolestrukturen på kort sikt. Koronapandemien har rammet flere grupper i samfunnet, deriblant barn og unge. Derfor ser vi det som ekstra viktig å strekke seg langt i år for å komme ungdommene i møte.

Det er forståelse for at det er praktiske utfordringer med å øke kapasiteten i den aktuelle regionen på kort sikt, men utvalget vil i dette vedtaket sterkt signalisere at fylkeskommunen skal legge inn en ekstra innsats for å bøte på problematikken som er omtalt i saken. Utvalg for opplæring og kompetanse er tvilende til at de seks foreslalte gruppene er tilstrekkelig til å unngå videresending av søker.

Utvalg for opplæring og kompetanse legger til grunn at man skal unngå systematisk videresending av søker ut av nærskoleområdet. Videre gir utvalget en fullmakt til fylkesrådmannen å opprette tilstrekkelig med grupper til å oppnå dette målet. Fylkesrådmannen skal legge arbeidslivets behov og tilgang til lærepasser til grunn for økningen av antall grupper, og utvalget ber om at økningen av antall grupper gjennomføres i dialog med yrkesopplæringsnemnda

Utvalg for opplæring og kompetanse ber fylkesutvalget arbeide videre med å sette inn tilstrekkelig ressurser utover rammen med mål om at de aktuelle ungdommene får tilbud om en skoleplass innenfor sitt nærskoleområde. Den totale salderinga må ses i sammenheng med PS 19/2021.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

**Emil Gadolin (A)** sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Innføringa av ny inntaksmodell med fleire rettar til elevane har avdekkja ei systematisk underdekning av elevplassar i Stor-Bergen. Samstundes er det ein auke søking til yrkesfaga. Denne auken er ei ønskt utvikling som er positiv for både ungdommene og lærebedriftene, men som samstundes skaper press på skolestrukturen på kort sikt. Koronapandemien har ramma fleire grupper i samfunnet, deriblant barn og unge.

Derfor ser vi det som ekstra viktig å strekkja seg langt i år for å koma ungdommene i møte. Det er forståing for at det er praktiske utfordringar med å auke kapasiteten i den aktuelle regionen på kort sikt, men fylkesutvalet vil i dette vedtaket sterkt signalisera at fylkeskommunen skal leggja inn ein ekstra innsats for å bøte på problematikken som er omtalt i saka. Fylkesutvalet er tvilande til at dei seks føreslegne gruppene er tilstrekkeleg til å unngå vidaresending av søkerar. Fylkesutvalet legg til grunn at ein skal unngå systematisk vidaresending av søkerar ut av det aktuelle nærskuleområdet.

2. Fylkesutvalet opprettar eit auka tal yrkesfagklassar i Stor-Bergen. Primært gjeld dette inntil seks klassar vg1 yrkesfag. Utvidinga skjer i samspel med yrkesopplæringsnemnda, og arbeidslivets behov og tilgjengelege læringsplassar skal leggjast til grunn. Endeleg behov for tal klassar vert arbeidd vidare med fram til fylkestinget. Løyvinga for 2021 vert å dekka innanfor avdelinga sitt gjeldande budsjett.

3. Meirkostnaden for 2022 vert handsama i budsjett 2022.»

## **Avrøysting**

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga.

## **Innstilling til fylkestinget**

1. Innføringa av ny inntaksmodell med fleire rettar til elevane har avdekkja ei systematisk underdekking av elevplassar i Stor-Bergen. Samstundes er det ein auke søking til yrkesfaga. Denne auken er ei ønskt utvikling som er positiv for både ungdommane og lærebedriftene, men som samstundes skaper press på skulestrukturen på kort sikt. Koronapandemien har ramma fleire grupper i samfunnet, deriblant barn og unge.

Derfor ser vi det som ekstra viktig å strekkja seg langt i år for å koma ungdommane i møte. Det er forståing for at det er praktiske utfordringar med å auke kapasiteten i den aktuelle regionen på kort sikt, men fylkesutvalet vil i dette vedtaket sterkt signalisera at fylkeskommunen skal leggja inn ein ekstra innsats for å bøta på problematikken som er omtalt i saka. Fylkesutvalet er tvilande til at dei seks føreslegne gruppene er tilstrekkeleg til å unngå vidaresending av søkjrarar. Fylkesutvalet legg til grunn at ein skal unngå systematisk vidaresending av søkjrarar ut av det aktuelle nærskuleområdet.

2. Fylkesutvalet opprettar eit auka tal yrkesfagklassar i Stor-Bergen. Primært gjeld dette inntil seks klassar vg1 yrkesfag. Utvidinga skjer i samspel med yrkesopplæringsnemnda, og arbeidslivets behov og tilgjengelege lærlingplassar skal leggjast til grunn. Endeleg behov for tal klassar vert arbeidd vidare med fram til fylkestinget. Løyvinga for 2021 vert å dekka innanfor avdelinga sitt gjeldande budsjett.

3. Meirkostnaden for 2022 vert handsama i budsjett 2022.

## **PS 91/21 Uttale om søknad om landslinetilbod**

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune støttar Trøndelag fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 flyfag, vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag.
2. Vestland fylkeskommune støttar Nordland fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 dronefag, vg3 dronefag (lærefag)
3. Vestland fylkeskommune støttar Troms og Finnmark fylkeskommune sin søknad om utviding av elevtalet fra 12 til 14 plassar på vg2 flyfag, vg3 flytekniske fag og vg3 aviokinarfaget ved Bardufoss vgs.

## **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 15.04.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

1. Vestland fylkeskommune støttar Trøndelag fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 flyfag, vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag.
2. Vestland fylkeskommune støttar Nordland fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 dronefag, vg3 dronefag (lærefag)
3. Vestland fylkeskommune støttar Troms og Finnmark fylkeskommune sin søknad om utviding av elevtalet fra 12 til 14 plassar på vg2 flyfag, vg3 flytekniske fag og vg3 aviokinarfaget ved Bardufoss vgs.

## **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 27.04.2021**

**Alexander Fosse Andersen, SP**, sette på vegner av SP, A, KrF, SV, MDG, H, FrP, R og FNB fram slikt tilleggofsorslag:

«Nytt punkt 4

Hovudutval for opplæring og kompetanse meiner ordninga med landslinjer bidreg til eit mangfaldig opplæringstilbod for elevar i Vestland og elles i landet. Hovudutvalet ynskjer likevel meir informasjon om finansieringsordninga for landslinjene og korleis nye landslinjetilbod påverkar fylkesøkonomien og ber administrasjonen orientere eller leggje fram eit notat om dette i utvalet.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune støttar Trøndelag fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 flyfag, vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag.
2. Vestland fylkeskommune støttar Nordland fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 dronefag, vg3 dronefag (lærefag)
3. Vestland fylkeskommune støttar Troms og Finnmark fylkeskommune sin søknad om utviding av elevtalet fra 12 til 14 plassar på vg2 flyfag, vg3 flytekniske fag og vg3 aviokinarfaget ved Bardufoss vgs.
4. Vestland fylkeskommune meiner ordninga med landslinjer bidreg til eit mangfaldig opplæringstilbod for elevar i Vestland og elles i landet. Hovudutvalet ynskjer likevel meir informasjon om finansieringsordninga for landslinjene og korleis nye landslinjetilbod påverkar fylkesøkonomien og ber administrasjonen orientere eller leggje fram eit notat om dette i utvalet.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Vestland fylkeskommune støttar Trøndelag fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 flyfag, vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag.
2. Vestland fylkeskommune støttar Nordland fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 dronefag, vg3 dronefag (lærefag)
3. Vestland fylkeskommune støttar Troms og Finnmark fylkeskommune sin søknad om utviding av elevtalet fra 12 til 14 plassar på vg2 flyfag, vg3 flytekniske fag og vg3 aviokinarfaget ved Bardufoss vgs.
4. Vestland fylkeskommune meiner ordninga med landslinjer bidreg til eit mangfaldig opplæringstilbod for elevar i Vestland og elles i landet. Hovudutvalet ynskjer likevel meir informasjon om finansieringsordninga for landslinjene og korleis nye landslinjetilbod påverkar fylkesøkonomien og ber administrasjonen orientere eller leggje fram eit notat om dette i utvalet.

### **PS 92/21 Eigarstrategi for TH Eigedom IKS (Trivselshagen IKS)**

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek vedlagte eigarstrategi for TH Eigedom IKS.

### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 27.04.2021**

Sigurd Reksnes, SP, stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Trivselshagen IKS.

Reksnes gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes at Reksnes var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd bokstav e.

Reksnes gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar tilstades.

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet vedtek vedlagte eigarstrategi for TH Eigedom IKS.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samråystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet vedtek vedlagte eigarstrategi for TH Eigedom IKS.

### **PS 93/21 Styregodtgjersle for Teater Vestland AS**

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune gjer framlegg om slik godtgjersle til styret i Teater Vestland AS:

- Styreleiar: kr 60 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Nestleiar: kr 20 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Ordinære styremedlemer: kr 10 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Varmedlemer: Møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470, for kvart møte dei er til stades på.
- Den faste godtgjersla skal justerast årleg etter endringa i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks.

### **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 28.04.2021**

Gunn Åmdal Mongstad (Sp) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Det Vestnorske Teateret (DVT). Mongstad gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samråystes at Mongstad var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e.

Mongstad gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

### **Innstilling**

Vestland fylkeskommune gjer framlegg om slik godtgjersle til styret i Teater Vestland AS:

- Styreleiar: kr 60 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Nestleiar: kr 20 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Ordinære styremedlemer: kr 10 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Varmedlemer: Møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470, for kvart møte dei er til stades på.

- Den faste godtgjersla skal justerast årleg etter endringa i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

**Aleksander Øren Heen (SP) og Silja Ekeland Bjørkly (H)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi dei sitt som medlem av valnemnda til Det Vestnorske Teateret AS. Heen og Bjørkly gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at dei var inhabil etter forvaltningslova § 6 anna ledd.

Heen og Bjørkly gjekk frå under behandling av saka. Det var 15 representantar tilstades.

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Vestland fylkeskommune gjer framlegg om slik godtgjersle til styret i Teater Vestland AS:

- Styreleiar: kr 60 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Nestleiar: kr 20 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Ordinære styremedlemer: kr 10 000 pr. år, samt møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470.
- Varamedlemer: Møtegodtgjersle etter fylkeskommunen sin sats, for tida kr 1470, for kvart møte dei er til stades på.
- Den faste godtgjersla skal justerast årleg etter endringa i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks.

#### **PS 94/21 Utpeiking av kandidatar til styreverv i Norsk Fjordhestsenter AS**

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune nominerer følgjande kandidatar til styreverv i Norsk Fjordhestsenter AS:

Medlem:

Varamedlem:

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

**Alfred Bjørlo (V)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi hans kone er dagleg leiar i Norsk Fjordhestsenter AS. Bjørlo gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Bjørlo var inhabil etter forvaltningslova § 6 anna ledd.

Bjørlo gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 16 representantar tilstades.

**Aleksander Øren Heen (SP)** sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet vel Ole Johnny Stubhaug som medlem»

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet vel Hanne Eva Husebø Kristensen som varamedlem»

#### **Avrøysting**

Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Vestland fylkeskommune nominerer følgjande kandidatar til styreverv i Norsk Fjordhestsenter AS:

Medlem: Ole Johnny Stubhaug  
Varamedlem: Hanne Eva Husebø Kristensen

## **PS 95/21 Søknad om midlertidig fritak frå verv**

Forslag til innstilling

Inge Fiskvik vert innvilga midlertidig fritak frå sitt verv som leiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

#### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

#### **Vedtak**

Inge Fiskvik vert innvilga midlertidig fritak frå sitt verv som leiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

## **PS 96/21 Søknad om varig fritak frå verv som vararepresentant i fylkestinget - Bente Øien Hauge (R)**

Forslag til innstilling

Fylkestinget innvilgar Bente Øien Hauge sin søknad om fritak frå vervet som vararepresentant i fylkestinget ut valperioden.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

#### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fylkesutvalet innvilgar Bente Øien Hauge sin søknad om fritak frå vervet som vararepresentant i fylkestinget ut valperioden.

## **PS 97/21 Søknad om midlertidig fritak frå verv - Morten Askvik (Sp)**

Forslag til innstilling

Fylkestinget innvilgar Morten Askvik sin søknad om fritak frå sitt verv som varamedlem i hovudutval for opplæring og kompetanse. Fritaket gjeld så lenge fritaksgrunnen føreligg.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

#### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fylkesutvalet innvilgar Morten Askvik sin søknad om fritak frå sitt verv som varamedlem i hovudutval for opplæring og kompetanse. Fritaket gjeld så lenge fritaksgrunnen føreligg.

## **PS 98/21 Søknad om midlertidig fritak frå verv - Karianne Torvanger (A)**

Forslag til vedtak

Karianne Torvanger vert innvilga midlertidig fritak frå vervet som leiar i hovudutval for opplæring og kompetanse.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**

Fylkesordførar la til grunn at fritakssøknaden var meint å gjelde heile den tiden forundersøkinga er i gang. Forundersøkinga er ferdig når det ligg føre ei oppsummering frå politisk side. Fylkesutvalet sluttar seg til dette.

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke med presiseringa nemnd ovanfor.

### **Vedtak**

Karianne Torvanger vert innvilga midlertidig fritak frå vervet som leiar i hovudutval for opplæring og kompetanse. Fritaket gjeld gjelde heile den tida forundersøkinga er i gang. Forundersøkinga er ferdig når det ligg føre ei oppsummering frå politisk side.